

# Opprett kystnasjonalparkar

Forslag til uttale fra landsmøtet i Norges Naturvernforbund

*Frå Naturvernforbundet i Sør Trøndelag og Nord Trøndelag*

**Naturvernforbundet ber regjering og Storting om snarast å setja i gang eit arbeid for å oppretta fleire større verneområde langs kysten i heile landet, verneområde som kvar for seg bør dekkja område på mange hundre kvadratkilometer av både sjøve kysten og nære fjell- og heiområde.**

Dei store norske nasjonalparkane og landskapsvernområda ligg i dag nesten utelukkande i fjellområde. **Når det gjeld kystnaturen, med si rike veksling mellom fjord, fjell, fjærområde, lyngheier og kystregnskog, har det til nyleg berre vore verna lommar av slik natur, og ikkje større, samanhengande område. Hvaler nasjonalpark er det første gledelege unntaket,**

Det er viktig å gjennomføre tiltak som kan sikre varig vern av større delar av også denne naturtypen, før det er for seint. Kystnaturen er under sterkt press frå utbygging av vindkraft, småkraft, kraftliner, vegar, hytteområde, turistanlegg, oppdrettsnæring og andre formål. Ikkje minst hastar det fordi utbygging av vindkraft og kraftliner raskt kan gje store innhogg i viktige område frå fjord til fjell som i dag er prega av lite inngrep.

Landskapsvernområde i følgje Naturmangfaldslova kan vera eit naturleg val, fordi det er for lite att av store, samanhengande INON-område langs kysten til å dekke dagens lovkrav til tradisjonelle Nasjonalparkar.

Det bør bli oppretta verneområde langs kysten som dekkar store område på mange hundre kvadratkilometer av både sjøve kysten og nære fjell- og heiområde. Verneområdet må vera samanhengande, slik at det kan innehalda små og store felt av inngrepsfri natur, område med lite inngrep og område med større inngrep og kulturlandskap. Heile området må bli sett i samanhang som eitt samanhengande verneområde med felles verneforskrift.

I denne samanhengen bør det også bli lagt opp ein plan for å reversere eksisterande inngrep i verneområdet. Det kan f.eks dreie seg om å leggja om kraftliner og fjerne vegar.

Når verneområdet både omfattar naturområde og område med busetjing og næringsverksemd, blir det ei utfordring å utforme gode verneforskrifter som både tek vare på verneformålet og samtidig gjev livsvilkår for busetjing og næring i området. I andre land er det ulike døme på korleis ein kan tilnærme seg slike problemstillingar.

Sør Trøndelag fylkesting har vedteke å setja i gang utgreiing av slike "Kystnasjonalparkar":

**Vi oppmodar også andre fylkeskommunar om å ta tilsvarande initiativ.**